# Anmeldelser

Tips om medisinsk litteratur, andre bøker, filmer og elektroniske medier som bør anmeldes, sendes *tidsskriftet@legeforeningen.no*

## Om humanistisk forskning og kvalitative metoder

Elsass P, Lauritsen P.
**Humanistisk sundhedsforskning**
240 s, tab. København: Hans Reitzels forlag, 2006. Pris NOK 298
ISBN 87-412-0382-8




Distinksjonen mellom humanisme og naturvitskap finst på alle akademiske nivå. Til dømes snakkar ein om humanistiske fag til skilnad frå dei naturvitskaplege, og ein bruker også omgrep som åndsvitskap som noko anna enn naturvitskap. Heilt sidan framveksten av moderne vitskap med opplysningstida har det vore ein debatt om og på kva måte ein kan skilje mellom humanvitskap og naturvitskap.

Boka til Peter Elsass & Peter Lauritsen om humanistisk helseforsking rydder opp i alle omgrepa og gjev oversikt over feltet. Elsass er dr.med. med interesse for psykologi og tilsett ved Københavns Universitet. Lauritsen er oppteken av medisinsk teknologi innan helsevesenet, spesielt bruken av datamaskinar. Han er tilknytta Center for Science-Technology-Society ved Århus Universitet. Deira ambisjon er å presentere vesentlege diskusjonar med tilknyting til humanismeomgrepet med relevans for helsearbeid generelt og helseforsking spesielt. Boka er delt i tre delar, med til saman 12 kapittel. I første delen diskuterast sjukdoms- og helseomgrepet, kommunikasjon og etterleving, autonomi, etikk, kvalitetssikring og kunnskapsbasert forsking. I andre delen er det eksempel på kvalitativ forsking som forfattarane sjølve har vore engasjert i: Om kronisk trøytte pasientar og om datamaskinbruk hos psykiatriske pasientar. Siste delen er ein meir overordna gjennomgang av vitskapsteori, metode og praksis.

Forfattarane har tatt på seg å dekkje eit stort emne og prøver å gjere det med ei relativt kortfatta bok. Emnet er viktig, og dei fortener mange lesarar. Boka er lesarvenleg. Likevel synest eg deler av ho blir litt slitsom å lese, avdi forfattarane er innom så mange emne utan å gå særleg djupt inn i kvart enkelt. Dei lukkast ikkje alltid like godt i framstillinga – det som står om autonomi til dømes er rotete og lite opplysande. Omvendt er kapitlet om «træthedens historie» engasjerande lesnad om ei problemstilling dei fleste av oss kjenner godt frå praksis. Kapitlet er informativt både om korleis ein tilstand ytrar seg i ulike historiske kontekstar og om korleis ei kvalitativ forskingstilnærming kan kaste nytt lys over eit vanskeleg tema.

Boka er dansk, og reflekterer eit inntrykk eg har om at det i dansk medisin- og helseforsking er betydeleg større engasjement for humanistiske tenkemåtar og kvalitative metodar enn her til lands. Undertittelen er «teori, metode, praksis». Som introduksjon til feltet er boka OK, som metodebok i kvalitative metoder blir ho for tynn.

**John Nessa**
Institutt for samfunnsmedisinske fag
Universitetet i Bergen

## Oppdatert svensk lærebok i urologi

Damber J-E, Peeker R, red.
**Urologi**
534 s, tab, ill. Lund: Studentlitteratur, 2006.
Pris SEK 631
ISBN 91-44-02874-1




Faget urologi omfatter tradisjonelt tilstander i urinveiene og de mannlige genitalia. Det er godartede og ondartede svulster, steindanning, betennelser, medfødte misdannelser, skader og funksjonsforstyrrelser. Funksjonsforstyrrelsene kan gi vannlatingsbesvær av alle grader og typer eller føre til impotens og ufrivillig barnløshet.

I løpet av de siste decennier har det funnet sted en eksplosiv kunnskapsøkning og en teknologisk utvikling som i stor grad har fjernet faget fra tradisjonell generell kirurgi. Flere av de eldre behandlingsmetodene med åpen kirurgi er erstattet av ikke-invasive og miniinvasive og farmakologiske alternativer. Dette innebærer at fra å være en ren kirurgisk grenspesialitet har faget utviklet seg til en spesialitet med totalansvar for det urologiske sykdomspanoramaet, og man har bruk for et stort spektrum av kunnskaper i tillegg til kirurgisk teknikk og erfaring. Nødvendig kunnskapsnivå omfatter forhold som spenner fra basal fysiologi, farmakologi, endokrinologi, nevrologi, gynekologi og psykologi til omfattende rekonstruktiv kirurgi, kreftkirurgi, mikrokirurgi og endoskopisk kirurgi, inkludert laparoskopisk teknikk. En stor grad av subspesialisering har av den grunn tvunget seg frem, og det er umulig for den enkelte spesialist å beherske alle aspekter av faget på et høyt kvalitetsnivå.

Alle leger trenger oppdatert basalkunnskap om hele det urologiske sykdomspanoramaet. Denne boken gir nettopp dette. *Urologi* innledes med grunnleggende presentasjoner av anatomi, fysiologi og ulike diagnostiske modaliteter ved mistenkt urologisk sykdom. Så følger kapitler som omhandler flere store urologiske folkesykdommer, som godartet prostataforstørrelse, nyrestein, inkontinens og infeksjoner i urinveiene. Mannens kjønnsspesifikke sykdommer, som erektil dysfunksjon, infertilitet og funksjonell hypogonadisme, beskrives også. Kreft i urinveiene har fått bred omtale, og prostatakreft, mannens hyppigste kreftsykdom, har en sentral plass. Boken har en delikat layout og inneholder rikelig med fine, enkle og informative illustrasjoner.

Målgruppen er leger under utdanning innen urologi, kirurgi, gynekologi og allmennmedisin, og dette kan også være god referanselitteratur for studenter. Forfatterne er velrenommerte svenske urologer, og boken gir et meget godt innblikk i hvordan moderne urologi praktiseres i Sverige og i resten av Norden. Man har på en kortfattet og meget systematisk måte klart å sammenfatte den nødvendige oppdaterte kunnskap som dekker fagområdet. Her har man lyktes i å lage et svensk standardverk om faget urologi som dekker målgruppens behov.

**Steinar Johan Karlsen**
Oslo urologiske universitetsklinikk
Aker universitetssykehus